




# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



## Årsmøtecaffi med heidersgjestar

Søndag 13. mai er det gudstene- neste på Haga som det brukar å vera. Lovsongorkesteret er på plass: det tonar frå orgel, piano, synt, saks, slagverk og gitarar og fleirstemt song, - også som det brukar å gjera. Gode ord og nattverd og endå meir song. Små og store, unge og gamle, -ein flokk på rundt femti har ei fin stund i lag.

Etterpå er det kyrkjekaffi, også som det brukar å vera, -men denne gongen er det litt ekstra, forstår me. Kjeksen er bytt ut med heimebakt, og me samlast bak i kyrkje-salane rundt dekkja bord. Soknerådsleiar Åshild Aa. Haga inviterer oss inn på ei årsmøtesamling der me skal snakka litt om års-

meldinga og få nokre glimt inn i kyrkjelydsarbeidet frå nokre av medarbeidarane.

### Heiderspris til trufaste damer

Men først er det to damer me har lyst å gjera litt stas på, seier ho og gjer ordet til soknepresten. Sokneprest Audun Aase har vore her i over 25 år, og har ein gong i veka hatt samling på aldersheimen for dei som bur der. Heile denne tida har han hatt med seg to damer til å hjelpe seg på desse samlingane. Dei deler ut songbøker, hjelper til med songen, og stundom les dei litt og elles hjelper dei der det trengst og pratar med dei eldre. Desse damene heiter Unni Tverlid og Hjørdis Hesjedal og er ikkje ungdomar lenger, sjølv heller. Unni er 88 og Hjørdis fylte nett 90. Men Hjørdis køyrer framleis bil, og trippar så lett avgarde som ein ungdom – i fylgje soknepresten. Unni balar meir med "fotarbeidet", men øvste etasjen er heilt i orden hjå dei begge – og humøret er der framleis! Men dei er beskjedne damer og likar ikkje for mykje oppstuss. Likevel tek me oss lov til å få dei fram for å heidra dei med blomar i "Fjordtønner" frå Tysse og kvar sin diplom for lang og tru teneste, – og sjølv sagt ein god applaus frå resten av møtelyden.

### Diakoniarbeid

Etter kyrkjekaffi med prat om kyrkjelydsarbeidet kring borda, snakkar kyrkjevevja litt om årsmeldinga og så fortel Eva Hellevang frå arbeidet i diakoninemnda. – Ho fortel om besøksteneste, "Bli kjend



Unni Tverlid og Hjørdis Hesjedal mottok diplom og blomar av soknerådsleiar Åshild Aa. Haga og sokneprest Audun Aase.

i kyrkja" for funksjonshemma og fredagssamling med ungdomar på aldersheimen, "og ikkje minst integreringssamlingar for flyktingar. Dei har hatt nokre samlingar for at dei nye flyktingane skal få treffa "gamle", (dei som har vore her lenge,) og få tips og råd hjå dei. Men no treng me ei ny vinkling på desse samlingane, seier Eva. Nemnda arbeider med saka, og er glad for innspel og tips. Soknepresten fortel om bønningen og arbeidet der. Mange melder inn bønnebehov, og er takksame for at det er rundt 30 forbedarar som ber for det dei kjem med. Ikkje alltid går det slik me ynskjer og ber om. Men det er godt å vita at mange tenkjer på ein, og det å kjenna fred og ro midt i det vonde, er og ein god ting, seier han.

### Trusopplæring

Hilde Aarvik og Line Bjørhovd fortel frå trusopplæringsarbeidet. Noko kjem det lite folk på, som trusopplæringsdagen for 5-åringane. Noko er populært, som tårnagenthelga for 8-åringane.

"Kompis" er eit tilbod etter skuletid på onsdagane, og det har vorte svært populært. No er dei rundt 30 born kvar onsdag som får eit varmt måltid, høve til leksehjelp, til å leika og spela spel og til å vera med på "On Line" ei samling i kyrkjerommet. I år var det første gongen eit "kompiskull" har nådd konfirmasjonsalder. Det merkast. Dei tidlegare "kompisane" er heime i kyrkja frå første dag, og er kjend med det som går føre seg der. I år har 16 av 21 konfirmantar sagt at dei ynskjer å vera med i ungdomsarbeidet til kyrkja etter konfirmasjonen også. Applaus frå møtelyden! Det me også lyt hugsa på, seier Hilde, er at fleire born og unge treng fleire vaksne med seg. Det vert utfordringa vår framover. Fleire medarbeidarar trengst! Her er varierte oppgåver, kom og sjå!

### Gleder og utfordringar

Då kjem me over på avslutningsrunden me hadde på møtet: Ein oppfordring til møtelyden om å dela gleder og ynskjer for kyrkjelyds-

arbeidet. Mange drog fram kor kjekt det var å få ta del i songen i kyrkja på Haga, med lovsongsorkester og vakker, fleirstemt song. Nokon gledde seg og over å kunna vera i den spesielle stemninga som kyrkja på Ådland har og finna sin plass begge stader. "Det er fint å kjenna seg inkludert og verta teke godt imot når du kjem inn i kyrkja", seier nokon. Det er flott med alle borna og ungdomane som finn seg til rette i kyrkja, seier andre. Det vart også gjeve ein honnør til dei mennene som i tillegg til å møta mellom kl. 20 og 24 som "vakter" på fredagskveldar når ungdomane har "basement-klubb", også gjer vaktmeisterarbeid "nattestid".

Av utfordringar er den før nemnde mannskapstrongen i barne og ungdomsarbeidet. Nokon skulle ynskja me kunne ha arrangement for eldre. Andre skulle ynskja me kunna køyra ein "søndagsskulebuss" t.d. gjennom feltet på Lønnebakken, og få borna med på søndagsskule i kyrkja.

Har du som les Samningen tankar for kyrkjelyden og bruk av kyrkjehusa? Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, eller soknerådsleiaren direkte. Me er opne for innspel!

B.H.

### kyrkjekalenderen

#### Mai

Tors.17. kl.15.15 - Ådland  
**17-mai-gudsteneste**

Søn.20. kl.18.00 - Haga  
**Gudsteneste/storsamling**  
Søndagsskule for borna

Søn.27. kl.11.00 - Ådland  
**Høgtidsgudsteneste**  
pinsedag  
Dåp

Søn.3. kl.17.00 - Haga  
**Gudsteneste**  
Nattverd

Søn.10. kl.12.00  
Fitjavatnet  
**Nordvikseter-stemme**

### frå kyrkjeboka



#### Døypte

29.04

William Langeland  
Jørgensen  
06.05

Ramona Skjerve Henriksen




#### Jordfeste

d.13.04 - Anna Sture

## Vil du vera fadder for eit skulebarn Zambia?

Som mange sikkert har lese i kyrkjeboket vårt, vert det ved hjelp av Samnanger kyrkjelyd drive ein skule for born i slummen i Lusaka i Zambia. Kyrkjelyden vår greiar gjennom offer, konfirmantinnsamling og andre gåver å samla inn ca 40 000 kr. årleg. Dette er nok til at dei kan driva ein skule for 42 elevar. Dei har to lærarar og to assistentar, dei leiger lokale og dei har eit måltid for borna som ofte kjem svoltne



på skulen. (Det eine måltidet dei får heime, et dei oftast om kvelden. Ein kopp sukervatn er gjerne menyen om morgonen.) Skuleuniformer får dei også. Unødvendig seier

du? Desse klesplagga er for nokon av borna det einaste heile dei har å ha på seg. Av og til tek skulen borna med på tur, slik at dei kan få sjå noko anna enn den slummen dei bur i. Nokon av foreldra betaler litt skulepengar for borna, andre har ikkje råd, og ein del av borna er foreldreause.

Vil du vera fadder for eit av desse skuleborna?

**For 100 kr. månaden, kan du**

**gje eit barn høve til å læra noko og til å få både mat og klede.** Du kan få namnet på barnet og bilete av det om du vil. Det går ingen ting vekk i administrasjon av dei gåvene som kjem inn. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller Hilde Aarvik direkte. Vil du berre vera med og støtta dette arbeidet, kan du gje ei gåve på konto: 3530.21.38786 eller gje ein valfri fast sum i månaden til den same kontoen.

## HUGS

å melda deg på kyrkjelyds- helga på Wallemtunet 2.-3. juni! Pris. 300 kr. Frist var 17. mai, men me tek imot etternølarar den 18. på tlf. 40 42 99 33